

Eigedomsrett og aksjar

INNLEGG

Jus

«**A**ksjonærane eig ikkje berre aksjane, men eig faktisk heile selskapet.» Denne myten, ein truisme blant gamle juristhundar, har blitt utfordra av professor Beate Sjøfjell. Klart nok med rette.

Innhaldet i vårt sedvanlege omgrep om eigedomsrett, både juridisk og allment, går blant anna på at eigaren har herredøme over eit objekt. Det er herredøme ikkje berre i gode dagar, men også vonde. Eigaren

er ansvarleg for skade tinga hans måtte gjera (bygården rasar), og eigaren må svara med alt sitt gods dersom kreditor vil ha innfridd gjeld (pengeutlånaren går til tvangsdekning i låntakarens båt). Så kva har dette med relasjonen mellom aksjeeigar og aksjeselskap å gjera? Fint lite, og nettopp dét er også poenget.

Den klartenkte vil sjå til at stifting av eit aksjeselskap faktisk er ein måte å ikkje eiga selskapet; å ikkje eiga dei uløyseleg samanknytte aktiva og passiva i selskapet. Aksejeeigarens begrensa ansvar for selskapsforpliktingane er synonymt med at selskapet er ein konstruksjon

frikopla formuesmassen og eigedomsretten til aksjeeigaren. Selskapet kan gå dundrande konkurs; aksjeeigaren misser åleine innskottet. Grunnen er ganske enkelt at vedkomande ikkje eigde selskapet – han eigde berre ein aksje.

Vil så nokon vedvarande insistera på å spørja kven som eig eit aksjeselskap? Sjølv veit eg om både kommunar, idrettslag og personar som manglar eigarar. Aksjeselskap står komfortabelt i same bås.

■ *Erlend Baldersheim, stipendiat i rettsvitenskap, Universitetet i Bergen*